

Stor interesse for lukka lag

12.08.2011



Skalldyraften har vorte ein suksess ved Systrene Nilsen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Systemene Nilsen har skrevet til kommunen om skjenkeløyve med opphold. Eigar Frøydis N. Mathisen minnar om at dei no har skjenkeløyve til og med denne månaden. Seinare ser dei for seg utleige tillukka lag som bryllup, jubileum, dåp og anna. Det er stor interesse for leige så lengje dei ikkje er låst til skjenkeløyvet som medfører full bemanning av baren, vakter, kokk og servitørar.

Difor søker dei om løyve i to periodar i året, første frå april til august og andre for november og desember for åra 2011 og 2012 For 2013 ynskjer dei løyve for mars-august og november-desember.

Det blir vist til at det tidlegare har vore freista med heilårsdrift utan at dette har vore økonomisk gunstig.

Difor ser dei det som naudsynt å ha opphald i skjenkeløyvet utanom sesongane påske, sumar og jul slik at dei fritt kan leiga ut huset til lukka lag når dei ikkje har open restaurant..

Av Ola Matti Mathisen